



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2020/49137-10

Vår ref
19/539-8

Dato
9. desember 2020

Revidert Bømlopakke - Vidare saksgang for eventuell proposisjon til Stortinget

Samferdselsdepartementet viser til kontakt med Vestland fylkeskommune om saka, mellom anna til brev frå fylkeskommunen av 17. september 2020 med utkast til proposisjon til Stortinget om ein revidert Bømlopakke og til brev frå fylkeskommunen av 10. november 2020 med forslag til mindre endring i det mottekne utkastet til proposisjon.

Vedlagt følgjer rundskriv R-108/19 frå Finansdepartementet datert 8. mars 2019. Rundskrivet skildrar staten sin prosjektmodell for gjennomføring av store investeringsprosjekt, og fastset krav til utgreiing, planlegging og kvalitetssikring av prosjekta.

Som det går fram av rundskrivet, er det i dei tilfella der prosjektet sitt omfang overskrider terskelverdien på 1,0 mrd. kr, krav om KS2 før proposisjon om bompengefinansiering kan bli fremma for Stortinget. Etter det vi kan sjå av det mottekne utkastet til proposisjon, vil dette vere tilfelle for ein revidert Bømlopakke.

Samferdselsdepartementet tek i samråd med Finansdepartementet derfor sikte på å gjennomføre ei ekstern kvalitetssikring KS2 av revidert Bømlopakke. Departementa er i ferd med å utforme rammer for kvalitetssikringa, og ønskjer i den samanheng dialog med Vestland fylkeskommune. I fyrste omgang vil det vere ønskjeleg med ei oversending av ei oversikt over eventuell ekstern kvalitetssikring som fylkeskommunen har gjennomført for pakken. Det er også behov for ei oversikt over eventuelle eksterne konsulentar, som har vore involvert i og/eller er ein del av prosjektet, då dette vil ha tyding for kva miljø som vil kunne gjennomføre KS2.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafiksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Jan Reidar Onshus
22 24 83 31

Så snart dette er motteke, vil det vere aktuelt å skulle setje i gong den eksterne kvalitetssikringa. Vestland fylkeskommune vil bli invitert til møte for oppstart av kvalitetssikringsarbeidet.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Jan Reidar Onshus
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg

Kopi
Finansdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Statens vegvesen